



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Odd Ivar Kalland, 5764 3069

## Uttale til søknad om nydyrking - Alver - 247/1 og 10 - Dyrkolbotn

Vi viser til søknad om nydyrking på gbnr. 247/1 og 10, i Lindås i Alver kommune. Søknaden gjeld eit areal på 26,0 dekar som består av jorddekt fastmark og uproduktiv skog med lite myr.

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrking skal nydyrking gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskrifta også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar.

Fylkesmannen skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkinga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrking. Vi har ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

Odd Ivar Kalland  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*